

Fra: Terese Folgerø
Sendt: 21. mars 2016 10:09
Til: Randi Træland Hella; Susanne Rebnord; LI-fastlegar og tilsynslegar
Kopi: Reidun Sæbdal; Leni Dale
Emne: Eigendelar for asylsøkjjarar som bur i ordinære mottak

Fra: Postmottak Lindås
Sendt: 21. mars 2016 08:07
Til: Terese Folgerø
Emne: VS: Presisering til innhald i e-post sendt 15. mars 2016

Fra: Jo Heldaas [<mailto:Jo.Heldaas@helsedir.no>]
Sendt: 18. mars 2016 16:58
Til: Jo Heldaas
Emne: Presisering til innhald i e-post sendt 15. mars 2016



Presisering til innhald i e-post sendt 15. mars 2016

Eg ber om at denne e-posten blir sendt vidare til alle som fikk e-posten eg sendte 15. mars.

Presisering av rutinar for betaling av eigendelar for asylsøkjjarar som bur i ordinære mottak

Helsedirektoratet har fått fleire tilbakemeldingar som viser at det er behov for å presisere delar av innhaldet i e-posten sendt 15. mars 2016.

Presiseringane gjeld rutinar for betaling av eigenandelar for asylsøklarar som bur i ordinære mottak.

*For å bevare heilskapen i informasjonen, har eg lagt inn eit nytt avsnitt om dette i den opphavlege e-posten. **Det nye avsnittet er i raud skrift.***

Eg beklagar eventuelle ulemper eller meirarbeid dette fører med seg.

Med vennleg helsing

Jo Heldaas

Kommunikasjonsavdelinga

Helsedirektoratet

Tlf 905 71 700

Helsetilbodet til asylsøklarar - aktuell informasjon 15. mars 2015

Alle lenkjene i denne e-posten er testa og fungerer. Det kan ta litt tid frå du klikkar på lenkja, til den aktuelle sida kjem opp.

I denne e-posten finn du mellom anna informasjon om:

- *Rutinar for fakturering av eigendelar*
- *Ansvar for dekning av utgifter ved bruk av tolk*
- *Ressursar for kompetanseutvikling innafor psykisk helse*
- *Kor du kan finne informasjon på ulike språk om vaksining av barn og tuberkulose*
- *Kor du kan finne informasjon til gravide på ulike språk*

Rutinar for fakturering av eigendelar for helsehjelp til asylsøklarar

UDI, HELFO og Helsedirektoratet får jamleg spørsmål om rutinar for fakturering av eigendelar.

Generelt om dekning av eigendelar for dei som bur i mottak

- Asylsøklararar som bur i ordinære mottak (unntatt dei som har fått med endeleg avslag) mottar fulle basisytingar, skal dekke eigenandeler for helsetenester
- Asylsøklararar som bur i mottakssentre, akuttinnkvarteringar (mellombelse overnattingsplassar) og transittmottak mottar reduserte økonomiske ytingar og skal ikkje sjølve betale eigendeler for helsetenester. Eigendelane blir dekt av UDI. Det er ulike rutinar for fakturering av eigendelar for asylsøklararar som bur i akuttinnkvarteringar (mellombelse overnattingsplassar) og asylsøkarar som bur i mottakssentre, transittmottak og ordinære mottak

Rutine for fakturering av eigendelar for dei som bur i akuttinnkvarteringar (mellombelse overnattingsplassar)

- Kommunale helsetenester (mellom dei fastlegar) og spesialisthelseteneste (som avtalespesialistar), samt tannlegar*, skriv faktura på eigendelsbeløpet
- Fakturaen må være påført **pasienten sitt namn, DUF-nummer og adresse**
- Fakturaen må ha vedlegg som dokumenterer utgiftene
- Send fakturaen til UDI i EHF-format

Dersom EHF-format ikkje er tilgjengeleg, send faktura til:

Utlendingsdirektoratet
Fakturamottak DFØ
Postboks 4101
2307 Hamar

Merk fakturaen med: «1110mmpe»

Rutine for fakturering av eigendelar for dei som bur i ankomstsentre og transittmottak

- Kommunale helsetenester (som fastlegar) og spesialisthelsetenester (som avtalespesialistar), samt tannleger*, skriv ut faktura på eigendelsbeløpet
- Fakturaen skal innehalde **pasienten sitt namn, DUF-nummer og adresse**
- Fakturaen må ha vedlegg som dokumenterer utgiftene
- Helsetenesta gir fakturaen til pasienten og ber han eller ho levere den på ankomstsenteret/mottaket der han eller ho bur
- Pasienten leverer sjølv fakturaen til ein tilsett på ankomstsenteret/mottaket

Nokre helsetenester sender jamleg faktura per post til mottakssenteret/mottaket. Når faktura blir sendt til skal konvolutten være påført **namn på mottakssenteret/mottaket og adresse, samt pasienten sitt namn.**

*Når det gjelder faktura frå **tannlegar** er det som regel ikkje snakk om en eigendel, men full betaling for behandlinga.

Rutine for betaling av eigendelar for asylsøklarar som bur i ordinære mottak

- Hovudregelen er at pasientar som bur i ordinære mottak betaler eigendelen sjølv etter konsultasjon eller behandling.
- Desse pasientane skal få tilbod om å betale eigendelen kontant og med bankkort.
- Helsepersonell skal informere pasienten om dette og om nødvendig hjelpe pasienten.
- Dersom pasienten ikkje kan eller vil betale kontant eller med bankkort, er rutinen den same som for pasientar som bur i ankomstsentre og transittmottak:
 - Kommunale helsetenester (som fastlegar) og spesialisthelsetenester (som avtalespesialistar), samt tannlegar*, skriv ut faktura for eigendelen
 - Fakturaen må være påført **pasienten sitt namn, DUF-nummer og adresse**
 - Fakturaen må ha vedlegg som dokumenterer utgiftene
 - Helsetenesta gir fakturaen til pasienten og ber han eller ho levere den på mottaket der han eller ho bur
 - Pasienten leverer sjølv fakturaen til ein av dei tilsette på mottaket

Nokre helsetenester sender jamleg faktura per post til mottaket. Når fakturaen blir sendt skal konvolutten vere påført **namn på mottaket og adresse, samt pasienten sitt namn.**

Informasjon gitt til akuttinnkvarteringane

UDI har bedt tilsette i akuttinnkvarteringar om å gjøre følgjande:

- Når dei bestiller time, skal dei informere helsetenesta om at dei ringer på vegne av en asylsøkar som bur i akuttinnkvartering
- Informere asylsøkaren om at han/ho tar med seg asylsøkarbevis til timen
- Informere asylsøkaren om at han/ho har rett til tolk ved behov

Dersom du er usikker på om ein person bur i akuttinnkvartering, finn du oversikt over [akuttinnkvarteringar](#) (mellombelse overnattingsplasser) hos UDI.

Utgifter ved bruk av tolk

Helsepersonell har ansvar for å vurdere om tolk er naudsynt for å sikre god informasjon og kommunikasjon, og for å yte forsvarlig helsehjelp.

Den enkelte kommune må sjå til at det er føremonstenleg tilgang til og bruk av tolketenester og finansiering av disse.

Tolkeutgifter i samband med behandling ved offentlige helseinstitusjonar og hos private aktørar som Regionale helseføretak (RHF) har inngått avtale med, skal dekkast av midlar som er gitt dei regionale helseføretaka gjennom statsbudsjettet.

Bruk av tolk i forbindelse med tannbehandling

Når personar i statleg mottak høyrer under grupper som er prioriterte i tannhelsetenestelova, blir utgiftene til tolketenester dekkja over budsjettet til den offentlige tannhelsetenesta.

Vaksne asylsøkjjarar i ordinære mottak, som mottar fulle basisytinga, må som hovudregel dekkje kostnader til tannbehandling sjølve. Det gjeld og eventuelle utgifter til tolk. Asylsøkjjarar i ordinære mottak kan søkje UDI om tilleggsytingar dersom det er naudsynt for å ivareta liv eller helse (jf. «Pengereglementet»). Om asylsøkjaren ynskjer å søkje UDI om ekstra støtte til tannbehandling, må tannlegen gjøre eit kostnadsoverslag som blir lagt ved søknaden .

Verken vertskommuna eller asylmottaket har plikt til å dekke tolkeutgifter i samband med tannbehandling for vaksne asylsøkjjarar som bur i ordinære mottak.

Kommunen sitt ansvar er avgrensa til tolkeutgifter i samband med helse- og omsorgstenester som kommunen har lovpålagt ansvar for å sørgje for. På same måte er ansvaret til fylkeskommunen avgrensa til å omfatte tolkeutgifter ved tannhelsehjelp til personer innanfor dei prioriterte gruppene.

Meir informasjon [om helsepersonell sitt ansvar for kommunikasjon via tolk](#) finn du hos Helsedirektoratet.

Meir informasjon om finansiering av tolketenester finn du i kapittel 14 av [Helsedirektoratets veileder om kommunikasjon via tolk](#).

Ressursar for kompetanseutvikling innafor psykisk helse

Dei fem regionale ressursentra om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS) driv utvikling og implementering av kompetanse om psykisk helse hos asylsøkjjarar og flyktningar. Ressursentra har egne fagteam som arbeider med området, og tilbyr opplæring, konsultasjon og rettleiing for profesjonelle som i sitt arbeid kjem i kontakt med menneskjer som er utsatt for kriser og traumer.

[RVTS nord](#), [RVTS midt](#), [RVTS vest](#), [RVTS sør](#), [RVTS øst](#)

Det er utvikla eit kompetanse-/opplæringsprogram for tilsette i asylmottak for at dei skal få kunnskap om psykisk helse hos dei som bur i mottak og risikovurderingar, inkludert førebygging av vald. Opplæringa blir gitt av RVTS-a og blir tilpassa regionale behov i samarbeid med UDI sitt regionskontor. Programmet skal bli utvikla vidare og målgruppa utvida til å omfatte tilsette i kommunale helse- og

omsorgstenester, skulehelsetenesta, barnevernet og spesialisthelsetenesta (DPS/BUP), og andre relevante tenester, både i kommunar med mottak og kommunar der asylsøkjjarar blir busett.

[Nasjonal kompetansenhet for minoritetshelse \(NAKMI\)](#) arbeider for å fremje kunnskap om helse og omsorg for innvandrarar og deira etterkommarari Noreg. Målet for NAKMI si verksemd er å skape og formidle forskningsbasert kunnskap som kan fremje god helse og likeverdige helsetenester for personer med innvandrarakgrunn. Den primære målgruppa til NAKMI er beslutningstakarar, helseleiarar, helsepersonell, forskarar og studentar.

[Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress](#) (NKVTS) utviklar og spreier kunnskap og kompetanse om vold og traumatisk stress.

Informasjon til gravide på fleire språk

Helsedirektoratet har ein brosjyre med informasjon til gravide. [Brosjyren finst på 14 ulike språk.](#)

Helsedirektoratet er i gang med å utvikle ein enklare brosjyre til gravide.

Informasjon om vaksinerings av barn på fleire språk

Folkehelseinstituttet har [ein informasjonsbrosjyre om barnevaksinasjonsprogrammet](#). Brosjyren er oppdatert med eit nytt kapittel om rotavirus, og endra anbefaling for BCG-vaksinasjon. Brosjyren er omsett til arabisk, engelsk, fransk, polsk, russisk, somalisk, spansk og urdu i elektronisk versjon.

Informasjon om tuberkulose på fleire språk

Treng du å gi informasjon til tuberkulosepasientar på ulike språk? På nettsida «Explain TB» kan du velje mellom 23 tuberkuloserelaterte tema på 40 ulike språk og lage informasjonsark til pasienten.

Meir informasjon hos [Folkehelseinstituttet](#).

Forberedt på ny auke

Det kjem for tida få asylsøkjjarar til Noreg. Den sentrale helseforvaltninga har difor redusert ressursbruken, møteverksemda og rapporteringa til eit minimum. Helsedirektoratet følgjer med på utviklinga og opprettheld inntil vidare vår prosjektorganisering for å kunne reagere raskt dersom kjem ei ny auke i talet på asylsøkjjarar.

Nettsidene til [Helsedirektoratet](#), [Folkehelseinstituttet](#) og [UDI](#) blir fortløpande oppdatert. Spørsmål om innhaldet i denne e-posten kan rettast til kommunikasjonsavdelinga i Helsedirektoratet ved Jo Heldaas på telefon 905 71 700 eller e-post jo.heldaas@helsedir.no

